



Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019

Tokke kommune

733 016 :: 2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei erfaring og kompetanse innan offentleg forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Innhald

Om Telemark kommunerevisjon IKS	2
1 Innleiing.....	4
1.1 Plan for forvaltingsrevisjon	4
1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?.....	4
1.3 Forvaltingsrevisjonar i Tokke kommune i 2012-2015.....	5
1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	5
2 Plan for forvaltingsrevisjon	6
3 Overordna analyse	7
3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering	7
3.2 Om Tokke kommune	8
3.3 Lokaldemokrati	10
3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll	11
3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet	15
3.6 Berekraftig utvikling	26

Foto framside: Danny Twang

1 Innleiing

1.1 Plan for forvaltingsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltingsrevisjon i kommunen.¹ Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta ein plan for forvaltingsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. ***Forslag til plan for forvaltingsrevisjon finn du i kapittel 2.***

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon. ***Denne analysen finn du i kapittel 3.***

Analyse og forslag til plan er utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd dersom verksemda er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27-samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 a.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.²

1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)³

Forvaltingsrevisjon er ein del av kommunen sin eigakontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltinga av og i kommunen. Forvaltingsrevisjonen si rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og

¹ Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

² Jf. kontrollutvalsforskrifta kapittel 6 og plan for selskapskontroll.

³ Revisjonsforskrifta § 7

reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigakontroll

1.3 Forvaltingsrevisjonar i Tokke kommune i 2012-2015

I Tokke kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Næringsarbeid
- PPT – Vest Telemark
- Sakshandsamingssystem og handtering av dokument

1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019

Forvaltingsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Tokke kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltningsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2020, i prioritert rekkefølge:

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
Økonomistyring	Fokus på rapportering og budsjettering		250
Offentlege anskaffingar	Undersøke om kommunen har utarbeida reglement og strategi for anskaffingar og får følgd opp reglar og målsettingar på området.	Sikre merksemd på reglane i organisasjonen og bidra til at dei blir følgd dei opp.	200
Etikk og varsling	Fokus på kva kommunen har gjort for å sikre gode etiske haldningar og for at det er ein kultur for varsling	Bidra til kontinuerleg arbeid med etikk og varsling	200

3 Overordna analyse

3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering

Risiko og vesentlegheit

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Vesentlegheit i forvaltingsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

Metode

I vurderinga av risiko og vesentlegheit har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar⁴. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Tokke kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan, årsrapportar, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. Vidare har vi kartlagt kommunen sitt system for internkontroll, og vi har henta inn informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og andre relevante offentlege dokument.

I KOSTRA-analysen nyttar vi tal for kommunen for perioden 2012 – 2014. Vi samanliknar kommunen med andre liknande kommunar og landsgjennomsnittet utanom Oslo. I KOSTRA er kommunane gruppert etter størrelse, kostnader og

⁴ Kommuneloven 1 og 23 nr. 2

inntekter. Tokke kommune er i kommunegruppe 3 som er små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

Vi har gjennomført ein samtale med rådmann og ordførar. Formålet med samtalanane var å få innspel til planen og informasjon om kommunen.

Kommunereform og rullering

Kommunereforma med moglege nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobiletet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette avheng av kva retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Tokke kommune, kan det være behov for å rullere plan for forvaltningsrevisjon for andre halvdel av planperioden.

3.2 Om Tokke kommune

Demografi

Tokke kommune har hatt ein svak nedgang i folketalet frå 2012. Kommunen har fleire som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet og eiga kommunegruppe. Tokke har ein større del av befolkninga i barnehagealder enn i eiga kommunegruppe, men litt mindre enn i landsgjennomsnittet.

Kommunen har ein betydeleg lågare andel innvandrarbefolkning enn gjennomsnittet i eiga kommunegruppe og for landet. Nivået har vore stabilt på 6 % i perioden 2012 - 2014. Arbeidsløysa er om lag på nivå med eiga kommunegruppe og for landet. Talet på dei som pendlar ut av kommunen er som gjennomsnitt for landet, men betydeleg høgare enn eiga kommunegruppe.

Kommunen sin organisasjon

Kommunen hadde i 2014 283 avtalte årsverk i organisasjonen, noko som er ein nedgang frå dei to føregåande åra.

Kommunen har delt inn organisasjonen i fire etatsområde med kvar sin etatssjef. Etatsområda er teknisk, *plan, næring og kultur, helse og omsorg og oppvekst*. Under rådmannen soknar fellestenester som personal, økonomi, IKT. I tillegg rapporterar NAV-leiar direkte til rådmannen. Rådmannsgruppa består personalsjef, økonomisjef samt dei fire etatssjefane og NAV-leiar.

Tokke kommune er med i fleire samarbeidsordningar, både administrativt og knytt til tenesteyting. Når oppgåver blir plassert ute av eigen organisasjon forsvinn noko av eigarskapen og innsynet på området, både administrativt og politisk. Det kan det i seg sjølv vere ein risiko. Det kan derfor være aktuelt å sjå nærmare på dei ulike samarbeidsordningane. Aktuelle tema er om samarbeida er organisert i tråd med formalkrav for ordninga, og om kommunen har gode system for å følgje opp samarbeida og sikre at kommunen får dei tenestene dei skal. Dersom det er behov for å sjå nærmare på innhaldet i ei samarbeidsordning, blir dette omtalt under det aktuelle tenesteområdet.

Tokke kommune har vertskommunesamarbeid på desse områda:

- IKT-samarbeid, Vinje vertskommune
- Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark, Kviteseid vertskommune
- Legevakt og akutthjelp, Vinje vertskommune
- Jordmorberedskap, Seljord vertskommune
- Krisesenter i Telemark, Skien vertskommune

Kommunen har § 27-samarbeid på desse områda:

- Vest-Telemark rådet
- Alarmsentralen 110, Skien kontorkommune
- Ressursenter for økonomi og gjeldsrådgjeving i Vest Telemark, Seljord kontorkommune

Andre interkommunale samarbeid er mellom anna Interkommunalt arkiv (IKA Kongsberg), Utval mot akutt forureining IUA Telemark, Friluftsrådet Sør og Driftsassistansen i Telemark med ansvar for vatn og avløp.

Det er generelt tilrådeleg at forvaltningsrevisjon av samarbeidsordningar blir gjennomført for alle dei samarbeidande kommunane i fellesskap. Dersom ein skal gjere forvaltningsrevisjon av eit vertskommunesamarbeid må kontrollutvalet i *vertskommunen* vedta forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 28-1 bokstav j.

Økonomi

Tabellen viser at Tokke kommune målt etter frie inntekter og lånegjeld er betre stilt enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Kommunen har også høgare netto driftsutgifter til dei ulike driftsområda. I budsjett for 2016 beskriv rådmannen innleiingsvis eit bilete av ein kommune som ikkje lenger har god råd, og at ein derfor må førebu innbyggjarane på eit lågare servicetilbod.

Kostra 2014	Tokke kommune	Gruppesnitt	Landsgj.snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	59422	56740	48610
Nto lånegjeld per innbyggjar	50703	72277	58160
Disposisjonsfond i % av br. driftsutgifter	4,1	5,6	6,4
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.utg	0	0,8	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	182764	137333	128633
Nto dr.utg til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år	167477	130263	100946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	5768	3813	2319
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	456361	22046	16386
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	2145	2556	3138
Nto dr.utg til <i>barnevern</i> per innbyggjar 0-17 år	5456	9670	7978
Nto dr.utg til <i>administrasjon og styring</i> per innbyggjar	9797	7586	4258

SSB: Utvalte nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

* Landsgjennomsnitt utan Oslo

3.3 Lokaldemokrati

3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomsiiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Kommunen har postliste på nettsida. Politiske møte er opne og kommunen har meiroffentlegheit som prinsipp. Politiske møte blir kunngjort, og protokollar frå politiske møte blir lagt ut på kommunen si nettside.

God praksis for journalføring og arkiv er ein føresetnad for å sikre openheit og innsyn, sjå punkt 3.4.3.

3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalte organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen nyttar E-phorte som sakshandsamingsverktøy. Systemet skal vere kjent for dei tilsette som nyttar det, men mangel på kompetanse kan i følge rådmannen vere eit problem, då kommunen har ein liten administrasjon med få tilsette.

Det er sakshandsamars ansvar å rapportere til politisk nivå om at vedtak er gjennomført. Administrasjonen har ikkje eit system som sikrar at rådmannen har

kontroll med kva for vedtak administrasjonen skal rapportere på. Administrasjonen har rutinar for korleis ein skal rapportere, men rådmannen er usikker på kvaliteten på malane.

I 2014 fatta kommunestyret vedtak om at vedtekter frå næringsarbeid skal revideras, dette er ikkje blitt gjort og det er heller ikkje blitt rapportert om arbeidet med dette til kommunestyret.

3.3.3 Budsjettering og rapportering

Kommunen vedtar årleg handlingsprogram, årsbudsjett og økonomiplan for 4 år. Dette blir følgt opp gjennom tertialrapportering. Rådmannen gir uttrykk for at dei folkevalde er nøgd med korleis administrasjonen rapporterer. Det er nytta faste malar på alle rapporteringsdokument.

Utforminga av budsjett kunne i følgje rådmann vore betre. Budsjettdokumenta kunne vore betre pedagogisk framstilt og vore meir sjølvforklarande.

I følgje ordførar er det ein utfordring frå politisk nivå å følgje pengebruken i kommunen og gjennom det gi føringar for drifta. Ordførar foreslår ein forvaltningsrevisjon på økonomistyring med fokus på budsjettering og rapportering.

3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll

3.4.1 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2 har eit generelt krav om at rådmannen skal ha tryggande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestemråda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Dei fleste kommunane er merksame på internkontroll, men i mange kommunar vert han utøvd utanfor ein heilskapleg struktur. Dermed vert internkontrollen fragmentert, og vil i mindre grad fungere som eit verktøy for leiing og styring. Ei systematisk tilnærming kan gjere internkontrollen meir relevant og meningsfull, og bidra til førebygging og forbetring.

I følge årsmelding 2014, har kommunen eit internkontrollsystem på HMS for heile organisasjonen. Kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom vedtekne prosedyrar, rutinar og regelverk. Avviksrapporteringa gjeld både på kvalitetssavvik og HMS-avvik. I 2014 blei det registrert 150 avvik, og 147 av dei vart lukka.

3.4.2 Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidslivs praksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for avgjerd eller handling.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalte, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI tilrår at dei etiske retningslinjene også vert gjort gjeldande for kommunale føretak. Kommunen skal i årsmeldinga gjere greie for tiltak som er sett i gang og tiltak som er planlagde å verte sette i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

Kommunestyret har vedteke etiske retningslinjer for Tokke kommune i 2014. I retningslinjene ligg også rutinar for varsling. Retningslinjene er ein del av kommunen sitt internkontrollsystem. Kommunen har ikkje skildra arbeidet med etikk og varsling i årsmeldinga frå 2014.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon på dette området i Tokke kommune før. Vi foreslår at kommunen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon på etikk og varsling.

3.4.3 Arkiv og dokumentasjon

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eiga aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Velfungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggande føresetnader for å sikre dette.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig i mai 2016.

Det var forvaltningsrevisjon av dette i 2015. Rapporten viste mellom anna at tilsette i kommunen ikkje nyttar arkivsystemet slik kommunen har bestemt. Mykje

sakshandsaming skjer utanfor systemet og arkivet blir heller ikkje nytta slik ein har bestemt. Vi meiner det er for tidleg å tilrå ein ny forvaltningsrevisjon i noverande periode. Funna i rapporten kan skape risiko på andre fagområder i kommunen.

3.4.4 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemder er etter § 15 i eforvaltingsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Personopplysningslova med forskrifter stiller krav om tilfredsstillande informasjonstryggleik med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgang ved handsaming av personopplysningar. Det skal vere dokumentert internkontroll. Styringssystemet som den enkelte verksemd må etablere for å oppnå tilfredsstillande informasjonstryggleik, må blant anna fastsette overordna mål for tryggleik, akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet. Kommunen må skaffe ei komplett oversikt over alle personopplysningar som vert handsama innanfor dei ulike tenesteområda, vurdere risiko og opprette rutinar og eit aktivt system for handtering av avvik.

I følgje rådmannen er det ikkje knytt særskilt risiko til dette området. Kommunen har rutinar for styring av tilgangar og at ingen skal ha meir innsyn enn kva som trengst. I samband med ein forvaltningsrevisjon om sakshandsamingssystem har det blitt skjerpa inn at alle arkivverdige dokument blir arkivera i tråd med arkivplan. I følgje rådmannen har dette no blitt betre.

3.4.5 Innkjøp

Offentleg sektor kjøper inn varer og tenester for nesten 400 milliardar kroner årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best muleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. Sosial dumping skjer både ved brot på reglar for helse, miljø og tryggleik og når løn og andre ytingar er uakseptabelt låge, samanlikna med det norske arbeidstakarar normalt tener. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følgje opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar.

Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktsklausular ved innkjøp, og oppfølginga av slike krav.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Tokke kommune deltek i innkjøpssamarbeid i regi av BTV innkjøp. Rådmannen står som ansvarleg for innkjøpa, men kommunen har ikkje eit innkjøpsreglement. I perioden 2012 – november 2015 har det ikkje vore saker i KOFA som gjeld Tokke.

I følgje rådmann er det ein risiko for at kommunen ikkje følgjer regelverket fullt ut på innkjøp. Mellom anna har dei ikkje ein rammeavtale for kjøp av papir og rekvisita og truleg heller ikkje på daglegvare.

Det er risiko for at kommunen ikkje følgjer reglane om offentlege innkjøp. Kommunen kan både risikere å betale meir enn naudsynt for varer og tenester enn kva som trengs, og kommunen kan risikere å bli klaga inn for KOFA.

3.4.6 Offentleg støtte

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentleg støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentleg støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel badeland, kafédrift, utleige av næringseigedom. Slik aktivitet skal skje utan offentleg støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentleg verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Risiko for at det vert tildelt ulovleg offentleg støtte kan også hende når kommunen kjøper eller sel eigedom utanom den opne marknaden.

Det kan vere ein risiko for at kommunen gir ulovleg offentleg støtte. Dersom det vert ei klagesak knytt til dette, kan det føre med seg krav om at støttemottakar betaler tilbake støtta. Det vil vere uheldig for støttemottakar. Slike saker kan også vere arbeidskrevjande og føre til tap av omdømme for kommunen.

Tokke kommune gir i følgje rådmann mykje støtte til kulturelle føremål, og kommunen har i nokre tilfelle gitt støtte som har vore i strid med EØS-reglane. Ein praksis som har vore nytta har er å gi støtte som lån som ikkje blir betalt tilbake. Vedtekter for støtte frå næringsfond set ikkje vilkår om at støtta må være i samsvar med statsstøttereglane i EØS-avtalen.

Vi vurderer at det er ein risiko for at kommunen ikkje etterlever støtteregeleane. Vi vil likevel ikkje tilrå ein forvaltningsrevisjon på dette området no.

3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet

Kommunane forvaltar ein stor del av fellesskapet sine midlar. Det meste av disse midla blir brukt til å produsere dei tenestene som innbyggjarane treng. Tenestene skal ha det omfang og den kvalitet som lova krev, og mynde skal forvaltast slik som loverket føreset.

3.5.1 Oppvekst

Barnehage

Tokke har to barnehagar, ein med to satelittavdelingar og ein med tre avdelingar der ein er satelittavdeling. Ved utgangen av 2014 hadde kommunen 108 barn i barnehage. Kommunen har ikkje private barnehagar.

Tokke kommune brukar betydeleg meir på barnehage enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Samstundes har dei færre barn per tilsett og meir leikeareal per barn enn dei vi samanliknar med. Det at kommunen har fleire pedagogar, gjer dei betre rusta til å til å sikre eit godt pedagogisk innhald i barnehagane, i tråd med den nasjonale satsinga.

Som eigar og maktutøvar har kommunen mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle born med rett til barnehageplass, godkjenne barnehagar, yte tilskot til private barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn.

Kommunen har gode rutinar for fakturering og innkrevjing av foreldrebetaling. Det er nokon få store restansar. Økonomiavdelinga har på grunn av permisjonar i 2015 vore underbemanna.

Fylkesmannen har hatt tilsyn med barnehagane i Tokke i 2012. Tema var kommunen som barnehagemyndigheit. Det blei gjort fleire funn, mellom anna at kommunen ikkje fører tilsyn eller godkjenner barnehagar i samsvar med barnehagelova. I følgje rådmann skal dette være i orden i dag. I februar 2016 skal Fylkesmannen gjere eit nytt tilsyn.

Skole

Fram til 2014 hadde kommunen fire skular. I dag er dei slege saman/nedlagt slik at kommunen i dag har to skular med til saman 252 elevar. Det er totalt 47 lærarar. Gjennomsnittlig gruppestørrelse 1.-10. årstrinn har auka frå 2012-2014, men er lågare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Netto driftskostnadar til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år har vore stabilt på rundt 160 – 170 000 frå 2012-2014. Dette er betydeleg høgare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. I følgje rådmann skuldast dette at skulen i Tokke framleis er desentralisert.

Kommunane skal ha eit system som gjer det mogleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringsloven § 13-10. Kommunen har utarbeidd tilstandsrapport for 2015. Rapporten er lagd fram for kommunestyret.

Kommunen skal sikre at elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø på skolen, jf. opplæringslova § 9a-1. Opplæringslova stiller klare krav om handleplikt og prosedyre i slike saker. Talet på born og unge som rapporterer om krenkingar og mobbing i dei årlege elevundersøkingane endrar seg lite frå år til år. Det er ikkje fleire elevar i kommunen som svarar at dei blir mobba enn gjennomsnitt for fylket og for landet totalt sett.

Kompetanseheving i barne- og ungdomsskolen eit nasjonalt satsingsområde. Det vert særleg lagt vekt på å vidareføre og auke talet på plassar ved leiarutdanning for rektorar, og å vidareføre og auke økonomiske intensiv til å gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar. Andel lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning er lågare i Tokke enn i eiga kommunegruppe og for landet. I kommunen sin økonomiplan står det at ein ikkje klarar å overhalde dei nye kompetansekrava i skulen. Vidareutdanning vil vere naudsynt for å oppfylle krava.

Vidare står det i økonomiplanen at kommunen skal innføre «Vokal» og «Puls», to nye verktøy for å sikre kvalitet i opplæringa.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Kommunen sin tilstandsrapport for skolen syner at læringskulturen for sjuande og tiande trinn har falle frå 2013/14 til 2014/15 og er no lågare enn eiga kommunegruppe og nasjonalt gjennomsnitt. I tilstandsrapporten peikar ein på at elevar kan oppleve at det ikkje er rom for å gjere feil og at elevane kan bli meir demotiverte. Elvane si kjensle av mestring er lik for Tokke og samanlikningsgrunnlaget og har i liten grad endra seg dei to siste åra.

Kommunen har betre resultat på gjennomsnittleg grunnskulepoeng enn både fylket og landsgjennomsnitt i skuleåret 2013/2014 og 2014/2015.

Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er store skilnader mellom kommunar og mellom skular på tal elevar med vedtak om spesialundervisning. Tokke kommune har organisert PP-tenesta si i eit interkommunalt selskap, saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark, Vest-Telemark PPT IKS. Tidlegare har Tokke kommune hatt flest barn med tiltak frå PPT. Dei tre siste åra har Tokke hatt ein sterk nedgang i behovet for tenester frå PPT. Bruken av PPT er betydeleg lågare i Tokke enn i eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

I 2013 vart det gjennomført ein analyse av kommunane sine erfaringar med Vest-Telemark PPT IKS.

Skoleskyss

Gratis skoleskyss er eitt av elementa for å oppfylle lik rett til opplæring. Utøving av mynde og det praktiske og økonomiske ansvaret for skyssen er delt mellom kommunen og fylkeskommunen, avhengig av kva som er grunnlaget for retten til skyss for den enkelte elev, jf. opplæringslova § 13-4. Tokke kommune har høgare utgifter til skuleskyss enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet. Rådmann ser liten risiko knytt til ordninga.

SFO

Tokke kommune tilbyr SFO og har i 79 barn 2015/16. Ingen av dei har 100 % plass. SFO-ordningar skal ha vedtekter om eigarforhold, opptakskriterium, opphaldstid, bemanning og foreldrebetaling, jf. opplæringslova § 13-7. Vidare skal elevar i SFO

sikrast eit godt fysisk og psykososialt miljø, jf. opplæringslova § 9a-1. Utover dette, har kommunen få konkrete plikter knytt til SFO. Tokke kommune har vedtekter for SFO, men dei er sist endra i 2002. Det er ein risiko for at vedtektene ikkje er i tråd med retningslinjer og eller inneheld informasjon om praksis som er endra.

Tal frå KOSTRA syner at Tokke brukar meir på SFO enn dei vi samanliknar med. Talet på elevar i SFO har auka frå skuleåret 2012/2013 til skuleåret 2015/2016. Dette kan tyde på at kvaliteten har vore stabil eller auka i perioden og at brukarar ser det som meir attraktivt å nytte ordninga.

Barnevern

Tokke kommune har barnevernteneste gjennom eit vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Vertskommuneordninga kan bidra til betre kompetanse og kapasitet i tenesta. Tal i Kostra syner at alle stillingane i barneverntenesta har fagutdanning.

Dei seinare åra har det nasjonalt sett vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barneverntenesta, og ein auke i talet på born og unge som tek imot tiltak – særlig tiltak utanfor heimen. Utgiftene til barnevern i Tokke har auka noko siste åra, men er betydeleg lågare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

Dei seinare åra har det nasjonalt sett vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barnevernstenesta, og ein auke i talet på born og unge som tek imot tiltak – særlig tiltak utanfor heimen. Tal frå KOSTRA syner at kommunen sender færre meldingar til barneverntenesta i 2014 enn i 2013, og at alle meldingar i 2014 undersøkt vidare. Nasjonalt er det berre 8 av 10 meldingar som blir undersøkt. Det kan vere ein risiko for at terskelen for å sende bekymringsmelding er for låg. Vi tilrår likevel ikkje forvaltningsrevisjon på dette området.

Det er ofte fleire og samansette årsaker til at utsette born og unge kjem i kontakt med barnevernet. Borna og familiare deira får ofte bistand frå fleire etatar. Det er derfor viktig med eit godt fungerande tverrfagleg samarbeid i kommunen. Når barneverntenesta ligg utanfor kommunen, kan det vere ein risiko for at ansvar og oppgåver ikkje er tydeleg forankra og fordelt mellom vertskommunen og kommunen og mellom dei ulike kommunale tenestene. Ansvar for Tokke kommune si oppfølging av barneverntenesta er plassert hos helse og omsorgssjef. Kommunen har oppretta tverrfagleg nettverk som jobbar førebyggjande. Rådmann er nøgd med tenesta og samarbeidet med vertskommunen.

3.5.2 Velferd

Sosiale tenester

På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. SSB melder om at det i 2014 var det høgste talet på mottakarar av sosialhjelp på 10 år. I Tokke har talet på sosialhjelpsmottakarar gått ned i perioden 2012-2014. I same periode har også gjennomsnittleg utbetalt stønad per måned også gått ned. Samanlikna med kommunar i eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet, nyttar kommunen relativt mykje på råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid.

Talet på årsverk i sosialtenesta per 1000 innbyggjarar har auka, og er høgare enn landsgjennomsnitt og gjennomsnitt i eiga kommunegruppe. I 2016 er sosialbudsjettet auka for å kompensere for mottak av nye flyktningar.

I Tokke gikk talet på langtidsmottakarar av sosialstønad ned i 2014, men samtidig auka andelen mottakarar som har sosialhjelp som einaste inntektskjelde. Dette kan skuldast at fleire av dei som hadde supplerande sosialhjelp har blitt sjølvhjelpne og at dei som var igjen i større grad var heilt avhengig av sosialhjelp som inntekt.

I budsjett for 2016 blir det peika på tre utfordringar knytt til sosialtenesta. Dette er:

- *Bustadsosialt arbeid.* I følgje rådmann er utfordringa knytt til bu-evne og innkrevjing av husleige. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med dette.
- *Oppfølging av talenhuset*
- *Konsekvensar av stigande arbeidsløyse.* I følgje rådmann har dette foreløpig ikkje blitt eit problem, men ein fryktar at konsekvensane blir større. Det er aktuelt å nytte næringspolitiske verkemiddel for å redusere negative konsekvensar.

Statistikk over fylkesmannen si handsaming av klager i Telemark syner ikkje risiko knytt til sakshandsaminga i Nav. Nav-leiar er med i leiargruppa. Vi har ikkje tidlegare gjennomført forvaltningsrevisjon av Nav i Tokke, men vil ikkje tilrå dette i denne perioden.

Introduksjonsordninga

Tokke har vedteke å busette 29 flyktningar i 2015 og 2016, og 37 flyktningar i perioden 2017-2019. Kommunen tilbyr både norskopplæring og introduksjonsprogram, kor sistnemnde skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Dette er eit område med fokus på nasjonalt nivå, og

regjeringa har føreslått endringar i introduksjonslova for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L(2014–2015).

I følge Imdi⁵ hadde Tokke færre enn fire personar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2014, og resultatane er av personvernomsyn ikkje referert i tilgjengelig statistikk.

Det praktiske integreringsarbeidet er i 2015 utført av Telemarklys i 2015, men i følge budsjett for 2016 vil kommunen, grunna auke i talet på flyktningar, følge opp drifta sjølv. Rådmann trur det blir lettare å følge opp flyktningane på eiga hand og vil mellom anna nytte frivillighetscentralen til føremålet.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn med introduksjonsordninga i Tokke dei siste tre åra. Introduksjonsordninga er eit område der forvaltningsrevisjon kan være aktuelt, men vi har likevel ikkje prioritert dette i Tokke. Det kan være grunn til å være merksam på ordninga mot slutten av perioden, når arbeidet har kome godt i gang.

Bustadsosialt arbeid

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tokke har fleire kommunalt disponerte bustader per innbyggjar i 2014 enn landsgjennomsnittet og i eiga kommunegruppe. Samstundes står det i årsmelding for 2014 at kommunen har behov for fleire bustader.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Kommunane sin bruk av dei statlege verkemidla er ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tal frå KOSTRA syner at Tokke nyttar støtte frå Husbanken i mindre grad enn gjennomsnitt i eiga kommunegruppe og enn landsgjennomsnittet.

3.5.3 Helse og omsorg

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt

⁵ Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

I følge handlingsprogram og budsjett for 2016 er det i 2015 starta opp ei prosess for samanslåing av helse og omsorgsetaten. Hausten og vinteren 2015-2016 skal brukast til å gjennomgå tenestar og organisering. Ein ventar at arbeidet skal vere ferdig våren 2016. Knytt til slike omorganiseringsprosessar er det alltid ein risiko for at kommunen som tenestetilbydar ikkje klarar å halde oppe nivået på kvalitet på tenesta, og for at kommunen som arbeidsgivar ikkje klarar å følge krava til HMS.

Samhandlingsreforma

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Det er tilsett ein samhandlingskoordinator som leier arbeidet med samhandlingsreforma i Vest-Telemark. Målet er å sjå på ulike samarbeidsformer på tvers av kommunane i Vest-Telemark og Sjukehuset Telemark HF. Det er også sett ned ei styringsgruppe for samhandling i Vest-Telemark der rådmennene og representantar for tilsette og brukarar møter. Rådmannen meiner at dei har gode arenaer for å jobbe kommunalt og interkommunalt med reforma.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjeld førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augnebliskeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Tokke kommune har inngått eit vertskommunesamarbeid med Vinje kommune, der Vinje er vertskommune. Totalt har dei to senger og kommunane kan nytte plassar i begge kommunane.

Folkehelsearbeid

Arbeidet med folkehelse og det å førebyggje sjukdom er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid går fram av folkehelselova. Kommunen skal fremme helse og arbeide for å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem. Kommunen skal sette mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Utgangspunktet skal vere identifiserte folkehelseutfordringar i

kommunen. Formålet med at kommunen skal setje mål og strategiar er å sikre politisk og tverrsektoriell forankring av folkehelsearbeidet.

Kommunestyret har vedtatt ein strategi- og tiltaksplan for folkehelsearbeid.

Under Fylkesmannens nasjonale tilsyn av folkehelsearbeidet i norske kommunar var ikkje Tokke ein av dei undersøkte kommunane.

Omsorgstilbod i og utanfor institusjon

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke i tal yngre mottakarar (under 67 år). Tokke kommune har ikkje spesielt stor eldregruppe, men ein høg andel av dei eldre bur utanfor tettstader. I Tokke har andelen mottakarar av omsorgstenester auka for gruppa 67-79 år. For dei yngre og dei over 80 år har andelen mottakarar gått noko ned.

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbod om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Som ein del av ordninga med praktisk hjelp, skal alle kommunar ha tilbod om brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Frå 01.01.15 har alle brukarar med trong for omfattande hjelp rett til å få BPA. I budsjett for 2016 har kommunen tatt høgde for auka utgifter til dette.

Tal i Kostra syner at Tokke har betre dekning på døgnbemanna omsorg enn dei vi samanliknar med. Når det gjeld institusjonsplassar til kortidsopphald, er dekninga dårlegare enn eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Netto driftsutgifter er høgare i Tokke enn i eiga kommunegruppe og landsgjennomsnitt. Utgiftene har auka ein del dei siste åra.

Ordførar ønskjer ein forvaltningsrevisjon av ressursbruk og kvalitet i pleie og omsorgssektoren. Helse og omsorg vil vere omfatta av ein forvaltningsrevisjon av økonomistyring, jf. forslaget til plan.

Helsestasjon og skolehelseteneste

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skolehelseteneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebyggje sjukdomar og skader, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1.

I følge Barneombodet opplever mange at det er for få helsesøstrer og at dei har for lite tid på skolen. Undersøkingar viser at helsesøstrer korkje har tid til å gjere dei lovpålagde oppgåvene eller tid til oppsøkande arbeid og informasjonsarbeid. Tal frå Kostra viser at Tokke har fleire årsverk til slike tenester enn gjennomsnitt i eiga kommunegruppe og heile landet.

Tal frå Ungdata⁶ syner at ungdommar i Tokke nyttar skulehelsetenesta meir enn gjennomsnittet for fylket. I undersøkinga er omfang av risikofaktorar blant ungdomane kartlagt. Undersøkinga viser at det er lågare grad av opphoping av risikofaktorar i Tokke, og at dei som er mest utsett i større grad nyttar skulehelsetenesta samanlikna med andre kommunar.

Psykisk helse

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidingar er meir utbreidde i Telemark enn i landet sett under eitt, men dette er ikkje tilfelle i Tokke. Her er psykiske lidingar mindre utbreidde. Kommunen har dessutan betre bemanning av psykiatrisk sjukepleiar/personell med vidareutdanning innan psykisk helse.

Kommunane har ei sentral rolle i å identifisere, utgreie, behandle og følge opp personar med psykiske lidingar. Det at kommunen har personell med spesialisert utdanning kan gjere kommunen betre rusta til å møte dei utfordringane som er på dette feltet. Dette er også eit felt der kommunen må sikre koordinerte tenester og tverrfaglig samarbeid, både internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Både skulehelsetenesta og PPT kan ha ei viktig rolle i arbeidet med å førebygge sjukdom.

Regjeringa har varsla at den vil innføre eit krav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til regelen trer i kraft. Dette er ikkje omhandla i siste kommuneplan eller økonomiplan for

⁶ Ungdata er ein spørjeundersøking til elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule utarbeidet av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, dei regionale kompetansesentera på rusfeltet og KS, som kommunane kan gjennomføre gratis med bistand frå det lokale kompetansesenteret på rusfeltet.

Tokke, men i ein forstudierapport for kommunereforma i Vest-Telemark kjem det fram at det er ynskjeleg med meir psykologkompetanse i regionen.

Rådmannen meiner kommunen har bra med ressursar for tilby gode tenestar på dette fagområdet. Totalt i 2014 hadde kommunen 40 brukarar innan psykisk helse. Administrasjonen har starta eit arbeid som skal vurdere ressursituasjonen på psykisk helse. Kommunen vil i 2016 ferdigstille *handlingsplan for å redusere vald i nære relasjonar*.

Rusomsorg

Det er laga ein ny opptrappingsplan på rusfeltet som vart lagt fram hausten 2015. Regjeringa ynskjer ein forsterka innsats for menneskje med rus- og eller psykiske problem.

Den årlege rapporteringa på kommunane sitt arbeid innan rusfeltet viser at talet på årsverk i norske kommunar blei redusert frå 2012 til 2013. Det vert rapportert om utfordringar innan bustadrelaterte tenester og for lite ressursar på området.

Innanfor rusomsorga er det behov både for førebyggjande arbeid og tiltak knytt til behandling. Dette er eit område med behov for koordinering internt i kommunen og mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Frå 2012 til 2014 har Tokke kommune auka netto driftsutgifter til personar med rusproblem. Kommunen har høgare driftsutgifter enn eiga kommunegruppe, men lågare utgifter enn landsgjennomsnittet. I følgje rådmann har kommunen i liten grad personar med rusproblem. Det blir gjort mykje bra ungdomsarbeid. Det kan vere utfordringar knytt til personar som flyttar heim til kommunen med eit rusproblem.

Tokke kommune har utarbeidd ein «Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan» for perioden. Planen blei utarbeidd i 2009 og vart revidert i 2013, og skal reviderast igjen i 2016. I samband med at kommunen får prosjektmidlar av fylkesmannen har kommunen forplikta seg til å ha tilsett ein 50 % stillingsressurs til arbeid med rusmiddelmissbrukarar.

Kommunen har også utarbeidd ein barne- og ungdomsplan for 2014-2018. Rusmiddelmissbruk er mellom anna tema i planen.

3.5.4 Tekniske tenester - sjølvkostområda

Kommunen yter tenester og utøver mynde på sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon, branntilsyn/feiing og plan- og byggesak.

Sjølvkost

Vassforsyning, avløp, renovasjon, feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Frå 1.1.2015 kom nye retningsliner for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut.

Kommunen nyttar manuell utrekning for å berekne sjølvkost.

Tal rapportert i Kostra for 2014 viser at gebyr på vassforsyning i Tokke er lågare enn både gjennomsnittet i kommunegruppa og landet. Også på avfallstenestene er gebyret lågare, men ikkje når det gjeld septik. Gebyr for avlaup, feietenester og tilsyn er høgare enn samanlikningsgrunnlaget.

Tokke kommune nyttar ikkje sjølvkost fullt ut til betalingstenestene, bortsett frå på renovasjon. Det har i fleire år vore eit politisk vedtak om å auke gebyret med 15 % årleg. Generelt har sjølvkostgraden auka dei siste åra.

Renovest IKS står for renovasjonsordninga i Tokke kommune. Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannførebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark. Det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon av sjølvkosten i desse tenestene. Ein forvaltningsrevisjon av sjølvkost på tenester som blir utført av selskap i eigen regi, må eventuelt gjerast som selskapskontroll, og blir nærare omtalt i plan for selskapskontroll.

Plan- og byggesakshandsaming

Plan- og bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Vidare skal kommunane fatte vedtak om nesten all byggeaktivitet innanfor kommunegrensene, og føre tilsyn med gjennomføringa.

Eit føremålstenleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling. Dersom planverket ikkje er oppdatert, kan det medføre auka bruk av dispensasjonar. Det gir ei lite effektiv sakshandsaming.

Kommuneplanens samfunnsdel er gjeldande for 2014-2018 og arealdelen er gjeldande frå 2005-2017.

Fylkesmannen har i 2014 og fram til september 2015 hatt ei klagesak i Tokke kommune. Kommunens vedtak stod ved lag.

Rådmannen meiner dei har god kompetanse på byggesaksbehandling og viser til at eit tilsyn i 2013 på mellom anna byggesak, kart og oppmåling bekreftar dette.

Avfallshandtering

Gode system for innsamling av [avfall](#) og oppfølging av forsøplingssaker er viktig for å hindre forsøpling, helse- eller luktproblem eller andre forureiningsulemper som følgje av avfall. Kommunen skal sjå til at det er etablert eit system for innsamling av hushaldningsavfall, og at det er eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av elektrisk og elektronisk avfall og farleg avfall frå hushaldningar og mindre verksemder. Innbyggjarar og verksemder skal ha informasjon om denne tenesta.

I Tokke kommune er det selskapet Renovest IKS som sørger for avfallstenesta. I kommunen er det eit mottak der ein kan levere farleg avfall. I tillegg er det gjenvinningsstasjonar der avfall kan bli levert. Renovest IKS har informasjon om dei ulike henteordningane, kjeldesortering og avfallsanlegga på eigne nettsider. Tokke kommune har omtale av dette på kommunen sine nettsider.

Behovet for forvaltningsrevisjon av sjølvkost og måloppnåing/regeletterleving på området er omhandla i kommunen sin plan for selskapskontroll.

3.6 Berekraftig utvikling

3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Prosessane rundt planlegging og vedtak skal vere opne og sikre innsyn, føreseielegheit og høve til å medverke for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggest vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Kommunen har utarbeidd ein planstrategi for perioden 2013-2016. Planane er tilgjengelege på kommunen sine nettsider.

3.6.2 Eigedomsskatt

Kommunestyret bestemmer om kommunen skal innføre eigedomsskatt. Rammene for kommunen sitt handlingsrom, prosess og reglar om utrekning er regulert i eigedomsskattelova. I Tokke kommune er det eigedomsskatt på verk og bruk i heile kommunen.

3.6.3 Eigedomsforvaltning og vern av verdier

Eigedomsforvaltninga

Kommunale eigedomar har betydeleg verdi. Samla kostnader for innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald utgjer om lag 15-20 prosent av økonomien til ein kommune. Ei kartlegging frå 2008 viste at om lag 1/3 av kommunale bygg var i god stand, 1/3 i delvis utilfredsstillande stand og 1/3 i dårleg stand.

God eigedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi brukarane gode og effektive bygningar til lågast muleg kostnad. Dette vil seie å skape best mulege rammevilkår for brukarane si verksemd over tid. Kommunen har rolla både som eigar, forvaltar og bruker av eigedom. Desse rollene er ulike og kan til tider ha motstridande interesser, og det er viktig at funksjonane er organisert på ein føremålstenleg måte.

Førande tilrådingar for god eigedomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på eigedomane. Kommunen bør vidare ha overordna politisk forankra mål for bustad- og eigedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og til slutt rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og eigedomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for avgjerder.

Tokke kommune har ein stor bygningsmasse og eit stort etterslep på vedlikehald. I følgje rådmann har dei kartlagt bygningsmassen og meiner at kommunen gjennom dette har god oversikt. Administrasjonen jobbar med å utarbeide ein vedlikehaldsplan.

Kunst

Kommunen sin kunst kan utgjere store verdier, både økonomisk, kulturelt og historisk. Kommunen bør derfor ha ei oppdatert oversikt over den kunsten som kommunen har ansvar for, og gode rutinar for å ta vare på og sikre desse verdiane. Ansvarsforhold for administrasjon og forvaltning av kunst i kommunen, medrekna om kunstverk er tilstrekkeleg forsikra bør vere avklart og dokumentert.

Tokke kommune har ein del kunst, men den er i følgje rådmannen ikkje verdivurdert. Rådmannen meiner at det kunne vore gjort meir for å sikre kunsten.

Det er ein risiko for at kommunen ikkje har gjort tilstrekkeleg arbeid for å sikre og ivareta kunst i kommunen. Vi vil likevel ikkje anbefale eit prosjekt på dette, men anbefaler kontrollutvalet å følgje opp korleis kommunen sin kunst blir tatt vare på og sikra.

3.6.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Plan- og bygningslova krev at planlegginga i kommunar og fylke skal dekke samfunnstrykkleik. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen ut frå ein heilskapleg analyse av risiko og sårbarheit.

I 2013 hadde fylkesmannen tilsyn med om Tokke kommune oppfyller krava til kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen konkluderte med at kommunen har eit brukbart utgangspunkt for det vidare arbeidet med heilskapleg og systematisk beredskapsarbeid. Kommunen fikk avvik på ROS-analysen. Kommunestyret har i 2015 vedtatt ny ROS-analyse.

I følgje rådmannen har kommunen gjennomført ulike beredskapsøvingar mellom anna knytt til flom og ekstremver. Rådmannen trur dei har kontroll på dette.

3.6.5 Miljøforvaltning

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Det mynde og dei samfunnsoppgåvene som kommunane har på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging.

Tokke kommune er ein kommune som har relativt mykje utmarksareal som treng tilsyn og forvaltning. Administrasjonen er relativt liten, noko som aukar risikoen.

Det er grunn til å tru at motorferdsel i utmark er eit særskilt risikoområde i Tokke. Vi har likevel ikkje prioritert dette i denne planen.